

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

Innkalling

Møtedato: 24.04.2018
Møtestad: Allrommet - Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Før møte blir det orienteringar om:

- framtidig organisering av Haugalandmuseene
- Lyntog Vestlandbanen over Haukeli/Rogaland v/ Thor W. Bjørlo

Bokn kommune

Tormod Våga
Ordførar

Jan Erik Nygaard
sekretær

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
011/18	Godkjenning av innkalling
012/18	Godkjenning av møteprotokoll
013/18	Samarbeidsavtale om svangerskaps- og barselomsorgstenester mellom Karmøy og Bokn kommune
014/18	Finansiering av IKT verktøy i skulen
015/18	Klinisk veterinærvakt på Haugalandet
016/18	Godkjenning av avtale om utbygging og godkjenning av anleggsbidrag i samband med utbygging av bustadområdet Vågaheia

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.04.2018	011/18

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/116
----------------------------	----------------	-------------------

Godkjenning av innkalling

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.04.2018	012/18

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/116
-----------------------------------	-----------------------	--------------------------

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Dok.nr

07.03.2018

Tittel på vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - møte 06.03.2018

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma		
Formannskapet	10.04.2018	015/18
Kommunestyret	24.04.2018	013/18

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 026, K2 - G24	Arkivsaknr 18/146
---------------------------------	--------------------------	-------------------

Samarbeidsavtale om svangerskaps- og barselomsorgstenester mellom Karmøy og Bokn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

< Rådmannen anbefaler at kommunestyre godkjenner avtalen om vertskommunesamarbeid etter kommunelova kap.5a mellom Karmøy kommune og Bokn kommune som omhandler kjøp av jordmortenester frå Karmøy kommune.
skriv her>

Formannskapet 10.04.2018:

Behandling:

FS- 015/18 Vedtak:

Formannskapet vedtek samrøystes rådmannes forslag til vedtak.

Kva saka gjeld:

< Bokn kommune inngår ein samarbeidsavtale med Karmøy kommune om kjøp av jordmortenester. Tenesten gir tilbod til gravide kvinner om svangerskapskontroll, kartlegging, samtale, og oppfølging med heimebesøk etter fødsel og 6 vekers kontroll.
skriv her>

Bakgrunn for saka:

< Etter lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2 kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester, punkt 2 skal kommunen tilby svangerskaps- og barselomsorgstenester. Vidare har kommunen etter plikt inngått samarbeidsavtale med det regionale helseføretaket knytta til samarbeid om jordmortenester. skriv her>

Saksutgreiing:

< Bokn kommune har fram til 31.12.2014 hatt ei 10% stilling som jordmor. Jordmora som var ansatt i Bokn var også samstundes ansatt som jordmor i Karmøy kommune. Jordmora sa sjølv opp si stilling i

Bokn. Tysvær kommune har frå 2015 ytt jordmortenester til innbyggjarar i Bokn kommune utan at det har vorte inngått ein formell avtale mellom Bokn kommune og Tysvær kommune om dette.

Bokn kommune har førespurd fleire nabokommunar om dei har ei jordmor som vil ha ei 10% stilling i Bokn kommune, men har ikkje lykkast med å finne nokon som kan vere interessert i dette.

For å fylgje lovkravet i helse- og omsorgstenestelova samt fylle kommunekrava i samarbeidsavtalane med helseføretaket vil Bokn kommune frå 1.6.2018 kjøpe jordmortenester frå Karmøy kommune.

Avtalen byggjer på vedtak i kommunestyret i dei samarbeidande kommunane etter eit vertskommunesamarbeid, kommunelova, kap 5a. Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 gir høve til slikt samarbeid.

Avtalen skal evaluerast etter eit år. Under forutsetning av at avtalen vert vedtatt av kommunestyre i begge kommunane vil den tre i kraft fra 01.06.2018 og kan seiast opp med eit års varsel.
skriv her>

Vurdering:

< Rådmannen tilrår at det vert inngått ein avtale om vertskommunesamarbeid etter kommunelova kap.5a mellom Karmøy kommune og Bokn kommune som omhandlar kjøp av jordmortenester frå Karmøy kommune.

skriv her>

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
01.04.2018	Samarbeidsavtale om jordmortjeneste

Samarbeidsavtale om svangerskaps- og barselomsorgstenester mellom Karmøy og Bokn kommune

1. Bakgrunn for samarbeidet

Etter lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2 kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester, punkt 2 skal kommunen tilby svangerskaps- og barselomsorgstenester. Vidare har kommunen etter plikt inngått samarbeidsavtale med det regionale helseføretaket knytta til samarbeid om jordmortenester. Bokn kommune søker Karmøy kommune for å løysa dette tenestebehovet ut frå eit vertskommunesamarbeid, kommunelova, kap 5a. Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 gir høve til slikt samarbeid.

2. Dei samarbeidande kommunane

Denne avtalen regulerer samarbeidet om Karmøy kommune si utøving av svangerskaps- og barselomsorgstenester (i avtalen kalla jordmortenesta) på vegne av Bokn kommune. Karmøy kommune er vertskommune for samarbeidet, Bokn kommune er samarbeidskommune.

3. Organisatoriske tilhøve for jordmortenesta

- 3.1 Fast kontorstad for jordmortenesta er der kor Karmøy kommune har lokalisert si jordmorteneste.
- 3.2 Jordmødrene som yter tenesta er faste tilsette i Karmøy kommune.
- 3.3 Karmøy kommune har det fulle arbeidsgivaransvaret for dei tilsette i jordmortenesta.

4. Om tenesteytinga

- 4.1 Jordmortenesta skal yta likeverdige tenester i dei to kommunane.
- 4.2 Tenesta skal arbeida heilskapleg og tverrfagleg, fungera i tråd med samhandlingsavtalar som er inngåtte med helseføretaket, samt vera i tråd med statlege styringssignal, og følgja opp interkommunale og kommunale satsingsområde som samarbeidskommunane vert samde om.
- 4.3 Det skal leggjast vekt på at tenesta skal givast som ei integrert del av det samordna tverrfaglege tenestetilbodet i kommunane.

5. Økonomiske tilhøve

- 5.1 Utgiftene til jordmortenester i Bokn kommune blir berekna ut frå 10% fagstilling. Årslønn for jordmor er gjennomsnittsberekna ut frå jordmødre tilsett i Karmøy kommune. Berekninga blir utført av Karmøy kommune etter årlege lønsforhandlingar. Pr. 01.01.18 er løn inkludert sosiale utgifter 710.000 kr i 100% stilling.
- 5.2 Betaling skjer kvartalsvis akontobeløp pr 1. januar, 1. april, 1. juli og 1. oktober, Avrekning i januar påfølgjande år. Karmøy kommune sender faktura.
- 5.3 Årsrekneskap for jordmortenesta vert behandla som ein del av den ordinære rekneskapsavslutninga for kommunane som er partar i denne avtalen.
- 5.4 Eventuelle andre utgifter som kan oppstå (som t.d. kompetanseheving) , skal fordelast mellom Karmøy og Bokn, ut frå nærare avtale på førehand i kvart tilfelle.

6. Administrativ samhandling mellom kommunane

Det skal minimum ein gong i året haldast møte på rådmannsnivå om samarbeidet om jordmortenesta, herunder ei generell orientering om vedtak og driftsutfordringar i jordmortenesta. Mindre endringar i avtaledokumentet som ikkje endrar hovudramma kan hansamast i slike møte. Avtalen skal evaluerast etter eit år.

7. Iverksetting, varigheit og oppseiing.

Avtalen baserer seg på vedtak i formannskap og kommunestyret i samarbeidskommunane, inkludert eventuelle justeringar gjort av rådmennene i etterkant. Avtalen gjeld frå 1.6.2018 og til ein eller begge partar seier opp avtalen. Dette medfører at oppgåver og mynde om avgjerdsle blir overført til Karmøy kommune frå 1.6.2018. Den enkelte kommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sin del av avtalen, jmf. Kommunelova §28-1, i. Dersom samarbeidskommunane er samde om det kan oppseiingstida gjerast kortare.

Dato _____

Rådmann Karmøy kommune

Rådmann Bokn kommune

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	10.04.2018	016/18
Kommunestyret	24.04.2018	014/18

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 631, K2 - A00	Arkivsaknr 18/17
---------------------------------	--------------------------	------------------

Finansiering av IKT verktøy i skulen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ikt satsinga i skulen på kr. 780.000,- vert finansiert frå disposisjonsfondet (rest disp.fond etter dette er pt. Kr. 4.951.487,-)

Formannskapet 10.04.2018:

Behandling:

FS- 016/18 Vedtak:

Formannskapet vedtek samrøystes rådmannen sitt forslag til vedtak.

Kva saka gjeld:

<skriv her>

Bakgrunn for saka:

<skriv her>

Saksutgreiing:

<skriv her>

Vurdering:

<skriv her>

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.01.2018	004/18
Formannskapet	23.01.2018	008/18
Kommunestyret	06.03.2018	003/18

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 631, K2 - A00	Arkivsaknr 18/17
---------------------------------	--------------------------	------------------

IKT verktøy i skolen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

< Rådmannen støttar forslaget om ikt satsing i skulen og bevilger 780 000,- kroner i 2018 til innføringa. Vidare vil det leggst til rette for i budsjette at dei årlege kostnadene vert dekte i budsjette av ordinære budsjettmidler, men vert fordelt på ulike rammeområder.

>

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 23.01.2018:

Behandling:

SB- 004/18 Vedtak:

Seniorrådet vedtek rådmannens forslag til vedtak.

Formannskapet 23.01.2018:

Behandling:

FS- 008/18 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

Kommunestyret 06.03.2018:

Behandling:

KS- 003/18 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

Kva saka gjeld:

< Bokn kommune ser behovet for å ha ei auka satsing på ikt i skulen med bl.a innføring av ikt verktøy

til alle elevar og lærarar. Dette begrunnast bl.a med kravet om digitale ferdigheter som grunnleggande kompetanse i alle fag. >

Bakgrunn for saka:

< I læreplanens generelle del står det at «*opplæringa skal kvalifisere for produktiv innsats i dagens arbeidsliv, og gi grunnlag for seinare i livet å kunne gå inn i yrker som enno ikkje er skapte. Opplæringa må utvikle dei evner som trengs for spesialiserte oppgåver, og gi ein generell kompetanse som er brei nok for omspesialisering seinare i livet.*»

Med grunnskulereformen i 2006 blei digital kompetanse innført som ein grunnleggande kompetanse på lik linje med muntlige ferdigheter, å kunne lese, å kunne rekne og kunne skrive. Desse ferdighetene skal være ein del av kompetansen i alle fag og integrerast i opplæringa i alle fag. Dei grunnleggande ferdighetene vert definert som naudsynte reidskaper for læring og utvikling for eleven. Dei er samstundes ei forutsetning for at elevane skal kunne vise sin kompetanse.

Digitale ferdigheter vil seie å innhente og behandle informasjon, være kreativ og skapande med digitale ressursar, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgiversar. Det innebær og å kunne bruke digitale ressursar hensiktsmessig og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver. Digitale ferdigheter innebærer og å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.

«Me lev i ei verden kor teknologi blir stadig viktigare. Me førebur ikkje våre born på dagen i dag, men på morgondagen. I deira verden vil teknologi i endå større grad verte integrert i alt dei foretek seg» (Abdul Chohan, leder for Essa Academy, England).>

Saksutgreiing:

< Bokn skule har pr i dag ein pc ordning slik at elevane på ungdomstrinnet har ein pc til to elevar til disposisjon på skulen. På barnetrinnet er det ikkje digitale verktøy tilgjengeleg til dagleg for elevane. Skulen opplever med dette at dei ikkje klarer å innfri kravet i læreplanen om at alle elevar skal oppnå digitale ferdigheter som ein grunnleggande ferdighet i alle fag.

Digitale ferdigheter er ei viktig forutsetning for vidare læring og for aktiv deltaking i et arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Den digitale utviklinga har endra mange av premissene for lesing, skriving, rekning og munnlege uttrykksformer. Digitale ferdigheter er difor ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglege emner. Å nytte digitale verktøy i opplæringa gir moglegheiter for nye og endra læringsprosessar og arbeidsmetodar, men stiller og økte krav til dømmekraft.

Dei digitale ferdighetene er i læreplanen ytterligare delt inn fem ferdigheter. Ferdighetsområdene i digitale ferdigheter har følgande inndeling:

- Å bruke og forstå innebær å kunne bruke og navigere på digitale ressursar i og utanfor nettverk og ivareta informasjons- og datasikkerhet.
- Finne og behandle innebærer å tilegne seg, behandle, tolke og vurdere informasjon frå datakilder, utøve kildekritikk og bruke kildehenvisning.
- Produsere og bearbeide innebær å være kretativ og skapande med bruk av digitale ressursar.
- Kommunisere og samhandle innebær å kunne bruke digitale ressursar for kommunikasjon og samhandling.
- Utøve digital dømmekraft innebærer å følge reglar for personvern og vise hensyn til andre på nett.

Dei fem ferdighetsområdene er igjen delt inn i nivå frå 1 til 5, og nivåa skal implementerast inn

saman med kompetansemåla i dei andre faga i opplæringa i grunnskulen.

Effektar av nettbrett på skulenivå.

Ikt verktøy i begynnande lese- og skriveopplæring

Barns første møte med skulen er eit møte med store forventningar til å lære. På dette tidspunktet er lærelysten og motivasjonen høg! Barn er aktive, nysgjerrige, kunnskapssøkande og utforskande av natur, og eit godt møte med skulen kan skape fundamentet for elevens neste tretten år med skulegang. Derfor er motivasjonen og skaparlysten dei entrar skulen med noko av det viktigaste å ta vare på for å byggje grunnleggande ferdigheter.

På oppdrag frå Senter for IKT i Utdanningen har Rambøll samla erfaringer frå skular som har lykkast med god metodisk implementering av digitale verktøy i lese- og skriveopplæringa. Desse skulane har innført nettbrett eller pc 1: 1 (kvar elev har eit eige digitale læringsverktøy). Her vert det vist til forskning som peikar på at skriveprosessen både vert meir systematisk og dynamisk med digitale verktøy tilgjengeleg (f. eks. Genlott, 2013, Åkerfeldt, 2014). Eit stort fleirtall av informantane i undersøkinga melder om økt opplevd læringseffekt i sine klasserom. Elevane produserer meir, har raskare progresjon og både les og skriv meir avanserte tekstar enn tidligare. Elevane får jobbe ut frå eigne forutsetningar, og er aktivt deltagande i eigen læringsprosess frå første skoledag. I tillegg vert opplevinga med den umiddelbare tilbakemeldingen frå bl.a talande tastatur ei motivator og støtte for alle elevar.

Lesing og skriving er ferdigheter som går hand i hand. Ved å jobbe med å skrive seg til lesing, opplev skulane som har tatt i bruk digitale verktøy at elevane skriv meir avanserte tekstar og har auka skriveglede. Dette gjelder særleg for gutane, då dei ikkje opplev at motorikken er til hinder for tekstproduksjon eller skriftforming.

Motivasjon og mestring

Forskning fra bl.a England viser at elevar som har tatt i bruk nettbrett i undervisninga oppgir at dei er meir motiverte for å lære, dei synest opplæringa er meir interessant og at den foregår meir kreativt. Elevane får ei djupare læring, og dei reflekterer meir rundt det dei arbeider med, dei lærer kritisk tenking og opplever meir effektiv læring. Elevane oppgir og at dei kommuniserer meir i opplæringsformål og samhandlar meir med kvarandre. Undersøkelser frå norske skolar viser at aktive elevar som er sterkt involverte i, og medskapere av egen læringsprosess fører til auka motivasjon og mestring sjå eleven.

Med digitale verktøy styrer elevane sin eigen læringsprosess i langt større grad enn tidlegare, og dette påvirker læring og mestring på en positiv måte. Opplevinga av å mestre er eit resultat av godt tilrettelagte utfordringer slik at kvar enkelt elev kan jobbe ut frå eigne forutsetningar. Dette bidreg til lærelyst, motivasjon og styrka sjælvfølelse. Disse faktorene legg grunnlaget for å bruke ressursane som bur i kvar elev, og for å sørge for at alle får utvikla sine kompetansar og sitt potensiale.

I klasseromssituasjonen viser forskninga at ein får ei endring kor ein går frå at elevane konsumerer kunnskap til at dei produserer kunnskap. Klasserommet vert endra til ein læringsekspedisjon der læraren ikkje serverer alle svara, men leiår elevane mot ny kunnskap. Men for å oppnå dette still det krav til at skulen klarer å ta steget vekk frå den «gammaldagse kvardagen» der læring er rein rutine, og over i ein situasjon der dei evner å designe ein læreprosess meir fleksibelt.

Tilpassa opplæring

Alle elevar har rett på tilpassa opplæring. Undersøkinga som vart gjennomført av Rambøll viser at bruk av digitalt verktøy i den grunnleggande lese- og skriveopplæringa bidrar til at alle elevane får meir tilpassa opplæring. I tillegg vart elevar med særkilte behov som lese- og skriveansker,

dyslektikarar, elevar med konsentrasjonsvanskar og generelt umodne elevar trukke fram som ei elevgruppe som profiterer særleg på å bruke digitale læringsverktøy. Dette vert begrunna med at digitale verktøy og programvare i større grad muliggjer differensiering av undervisninga og individuell tilpassing. Dette er positivt både for dei elevane som treng meir hjelp og støtte, men og for dei flinke elevane som treng meir utfordrande og annleis oppgåver.

Vidare viste undersøkinga at gutar som gjerne har ein dårlegare og seinare utvikla finmotorikk og som synest der er vanskeleg å skrive med blyant i bruk av digitale verktøy hadde høg motivasjon for læring og skriveopplæringa gjekk lettare.

Læraranes arbeid og undervisningspraksis

Satsing på digitale verktøy har og vist seg å ha positiv effekt for lærarane undervisning og arbeid. Undersøkingar viser at undervisninga har blitt meir målretta, strukturert og vurderingsorientert som følge av innføring og satsing på digitale verktøy sammenligna med tidlegare. Mange lærarar oppgav i Rambøll si undersøking at dei i dag har meir fokus på konkrete mål og kriterier for måloppnåing og vurderingsarbeid. Lærarane opplevde at de i større grad enn tidlegare vurderer og veileidar elevane og har vorte bedre på å oppfølging og praktisering av kriteriene som ligg til grunn for «*Vurdering for læring*» (VFL). Lærarane oppgav vidare i undersøkinga at bruken av digitale verktøy åpnar for og bidrar til mer variert undervisning, og at dei tek i bruk fleire undervisningsmetodar. Lærarar og skulelederar rapporterte at dei no jobba meir fristilt, kreativt og bevisst i forhold til bruk av læremidler og ressursar i undervisninga. Undervisninga blei i mindre grad lærebokstyrt, og i større grad tilpassa eit undervisningsopplegg, samt at dei og utvikla eigne læringsressursar.

Innføring av digitale verktøy gir lærarane meir effektiv bruk av undervisningstida og færre tidstjuvar. Undervisninga er ikkje så papirbasert som tidlegare, og undervisningsopplegget som vert laga «droppas» no over på elevanes nettbrett/pc. Tidstjuvane i oppstarten og under undervisningsøkter har vorte minimerte fordi elevane no arbeider meir sjølvstendig med sitt opplegg. Elevane kjem raskare i gong med sitt arbeid, dei arbeider meir aktivt og det foregår mindre lærarmonolog i undervisninga. Læraren tar ei meir veiledande rolle i forhold til elevane, gir støtte og veiledning i elevens læringsprosess og har mindre undervisning i plenum.

Skolar som har innført digitale verktøy og satsa på ikt opplever at dette og har påverknad på skolekulturen og arbeidsmiljøet for dei ansatte. Undersøkinga til Rambøll viser at lærarane opplever at det er meir delingskultur i forhold til undervisningsopplegg og metodar, og dei diskuterer meir og tettare med kvarandre. Dei gir kvarandre råd og veiledning, tilbakemeldinger og bygger nettverk med andre skular som og nyttar digitale verktøy i undervisninga. Lærarane oppgir at det er spennande å arbeide på nye måtar, og at dei vert engasjert av at særleg elevane på dei første trinna lærer og får til meir enn tidlegare.

Suksessfaktorar

Det vert i læreplanen vektlagt at utvikling av digitale ferdigheter vert utvikla gjennom å bruke digitale ressursar. Det inneber å nytte digitale ressursar til å tilegne seg fagleg kunnskap og til å uttrykke eigen kompetanse.

Internasjonal forskning og erfaring viser overveiande positive resultater ved bruk av nettbrett i skulen. Men det vert også her presisert at implementering av digitale verktøy krev ei forståelse av korleis det skal brukast. Nettbrettet må være eit nøkkelvektøy i undervisninga, og det må sjåast på som eit reidskap for å lære. God metodisk bruk av dei ulike verktøya med fokus på auka elevaktivitet og produksjon vert særleg framheva som kriterier for å lykkast med implementering av digitale verktøy i skulen.

Skuleleiarar ved skular i Norge som har jobba med implementering av digitale verktøy i skulen understrekar at det digitale verktøyet åleine ikkje fører til endringar i undervisningspraksis (Rambøll 2016). Det er bruken og metodikken som ligg til grunn for dei gevinstane dei ser. Satsing på kompetanseheving for lærarane vert oppgitt som ei suksessfaktor i implementeringa. Digital kompetanse omfattar både ferdigheter, kunnskapar, kreativitet og holdningar når det gjeld digitale verktøy. Alle desse er naudsynte for å kunne bruke digitale verktøy på ein god måte. For å oppnår dette er det viktig at alle ansatte i fellesskap vert motivert til læring og bruk av digitale verktøy. Det vert og det vert uttrykt vidare i rapporten at det er behov for at skulen både får støtte i det tekniske knytta til implementeringa samt at det vert lagt stor vekt på støtte i læringskvardagen for lærarane. Skulen må jobbe aktivt for å endre sin undervisningspraksis, og det er naudsynt med ei strategisk satsing over tid. Dette krev systematisk og målretta innsats av alle involverte, men og tilgjengelige økonomiske ressursar for å få til eit felles løft i starten av innføringa.

Det vil vere særskild viktig at nettverket i kommunen og på skulen har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere ei større mengd einingar i nettet. Ved bruk av nettbrett skjer all kommunikasjon over trådløst nett. Det er derfor sett av midlar til å oppgradere tal tilgangspunkt i bygget og nettverksutstyr som kan fordele trafikk og sikre eit stabilt nettverk. Det blir og bygd inn redundans slik at systemet har ei såkalla failover- løysing. Dette inneber at det er minst to like styringseiningar i systemet. Det er tatt høgde for at dette utstyret kan flyttast til eit eventuelt nytt skulebygg.

>

Vurdering:

< Bokn kommune ser at det er naudsynt med ei satsing på ikt i skulen for å gi elevane den opplæringa dei treng for å kunne mestre ei framtid i samfunnet og i arbeidslivet. Ei tydelig satsing på ikt i skulen vil og oppfylle kravet i læreplanen om digitale ferdigheter som ein grunnleggande kompetanse i alle fag på alle nivå for elevane. For å nå dette målet vil skulen drive strategisk skulebasert kompetanseutvikling kor skuleleiing og lærara må ta aktivt del i utviklinga. Målsettinga er å utvikle skolens samla kunnskap, holdningar og ferdigheter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid i bruk av digitale verktøy i skulen.

Kommunen har satt som ei målsetting at alle elevar og lærerar ved skulestart hausten 2018 får utdelt sitt eige personlege nettbrett som eit læringsverktøy som skal nyttast i skolearbeid og heimearbeid i alle fag på alle trinn. Samstundes med dette vil det bli gjennomført kompetanseheving med ekstern aktør for elevar og lærerar, samt at foreldre og vil verte inkludert.

Ei satsing på ikt i skulen vil medføre ein aukning i kostnader i innføringsåret 2018/2019.

Bokn kommune har besøkt andre kommunar på Haugalandet som har gjort ei satsing på ikt i skulen dei seinare åra, og basert på dette har ein komme fram til eit estimert overslag på kostnader knytta til ikt satsing på skulen for skuleåret 2018/2019.

Kostnaden har ei estimert ramme på om lag 880 000,- for første året. Vidare er dei årlege kostnadene frå år to (skuleåret 2019/2020) og framover dei kommande åra estimert til om lag 320 000,-. Desse årlege kostnadene vil måtte leggjast inn i budsjettet frå 2019, men dei vert fordelt på ulike kostnadsrammer då kostnadane inkluderer både teknisk vedlikehald, driftskostnader av teknisk utstyr og løysingar, kompetanseheving på skulen og kostander knyttat til ikt verktøy. Samtidig vil kostnader som allereie ligg i budsjettet for 2018 og vidare framover knytta til ikt i skulen trekkast inn slik at reel aukning i kostnader vil vere lågare enn skissert ovanfor.>

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.04.2018	019/18
Kommunestyret	24.04.2018	015/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K2 - V56	Arkivsaknr 18/180
----------------------------	----------------	-------------------

Klinisk veterinærvakt på Haugalandet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune støttar ei ordning saman med dei andre kommunane i Karmsund distrikt (Karmøy, Utsira, Haugesund og Sveio kommunar) og Tysvær vakt-distrikt (Tysvær og Bokn) med samla tilskott på 700.000 kroner fordelt på folketal til stasjonær legevakt. .

For Bokn vil dette innebære eit bidrag på (i 2018) 11.000 kroner som belastas slik:

1. Auka kostnader i 2018 dekkes ved overføra kr. 11.000,- frå avsett til tilleggs-løyving til tjenesteområde næring.
2. Auka kostnader innarbeidas i budsjettet for 2019.

Kva saka gjeld:

Sammendrag av saken:

Dyrehelsepersonellova pålegg kommunane å sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Kommunen har ansvar for å organisere ei klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid (Lov om veterinær og annet dyrehelsepersonell)

Bakgrunn for saka:

Saka handlar om klinisk veterinærvakt utanom vanleg arbeidstid. Vakta skal vera operativ frå klokka 16.00 til 8.00 på kvardagar, samt på laurdagar, søndagar og heilagdagane. Kommunen sitt ansvar for tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell gjeld òg på dagtid utanom vaktida. Det er mange veterinærar i klinisk praksis i distriktet og god tilgang på dyrehelseteneste. Det gjeld særskilt til smådyr på klinikkar. Tilbodet på dagtid må seiast å vera godt sjølv om det kan vera litt dårleg for hest. For Karmsund distrikt (Karmøy, Utsira, Haugesund og Sveio kommunar) vart samarbeidsavtale for veterinærvakta inngått 19. desember 2007. Sveio kommune er vertskommune for veterinærvakta. Om natta er vakta slått saman med Tysvær vakt-distrikt (Tysvær og Bokn kommunar) . I høgsesong med lemming i mars og april er vakta ikkje slått saman på nattestid.

For at tilskotsordninga til vakta skal vera i samsvar med konkurranselovgevinga har vakta vore konkurranseutsett. Seks av 10 tilbod avgrensa seg til vakt for smådyr på klinikk ved utlysing i 2013.

Vakta vert mykje oppringt av smådyreigarar frå større område enn Karmsund og Tysvær. For å takla situasjonen i vakta, har vaktveterinærane alliert seg med smådyrklinnkar som har bakvakt. Vaktvederlaget vert delt.

Mellom vaktveterinærar og kommunen har det over tid vore eit tema at belastninga med vakta er stor.

I 2017 har det vore to permisjonar og ei oppseiing. Det lukkast ikkje å få tak i vikar. Med to veterinærar i vakta er belastninga stor.

Gjeldande vaktavtalar gjekk ut 31. desember 2017. Sveio kommunen hadde utlysing med brei annonsering for tre nye år. Det kom til saman ni tilbod. Tre av tilboda var for ambulerande vakt (store dyr), men med vilkår om at det kom eiga smådyrvakt. Seks veterinærar leverte tilbod om stasjonær vakt (smådyr). Seinare har ein interessent til meldt seg for stasjonær vakt. Veterinærane som har meldt seg for stasjonær vakt er frå fem klinikkar. Ingen har gjeve tilbod om veterinærvakttjeneste slik ordninga er i dag med å kunna ta både store og små dyr.

I vakt-distrikta er det fleire smådyrklinnkar som leverer dyrehelsetenester. Smådyrklinnkane har opplyst at det var eiga frivillig smådyrvakt i distriktet for meir enn 10 år sidan. Klinikkane har

oppllyst at samarbeidet mellom klinikkane fungerte godt, men at økonomien var for skral til å halda fram.

Smådyrklinnkane har gjort det klart at dei er villige til å stilla opp med smådyrvakt, men at slik vakt ikkje er økonomisk berekraftig i vårt distrikt utan tilskot. Til det er det for få smådyr som treng behandling i vakttida. Belastning i vakta vil det likevel vera med telefonar som ikkje fører til klinikkbesøk. Klinikkane stiller med assistent i vakta og det driv opp kostnaden. Rådmennene i Haugesund, Karmøy, Utsira og Sveio samrørde seg om at det skulle leggjast fram sak for politisk handsaming så tidleg så råd i 2018 for å få ei god løysing på veterinærvakta frå og med 2018. På slikt grunnlag lova veterinærane å halda fram ambulerande vakt frå 1. januar 2018 og samtidig ordna med eiga smådyrvakt.

Tysvær og Bokn kommunar har sidan meldt at det er naturleg for dei å delta i ei lokal smådyrvakt.

Sveio kommune har drøfta eiga smådyrvakt for Haugalandet og Sunnhordland med aktuelle kommunar i regionen. Tilbakemeldingane frå kommunane er stort sett at veterinærvakta fungerer godt i dei andre distrikta og at kommunane ikkje ynskte å endra på noko som fungerte.

Smådyrvakt i andre område av landet

Fram til 1. juli 2014 ytte staten ekstra tilskot til veterinærvakt i tett folkesette område, som mellom andre Bergen og Stavanger. Staten si grunngjeving for å ta vekk dette tilskotet var at det ville vera økonomisk grunnlag for eiga smådyrvakt utan tilskot i slike område. Etter ein del uro stilte Bergen kommune og omlandskommunar med tilskot til smådyrvakt. For 2017 er tilskotet 870 000 kroner, medan statleg overføring til veterinærvakt i vaktområdet er 700 000 kroner. I Stavanger-området er det smådyrvakt utan tilskot, men med ein høg inngangspris – 3 500 og 3 900 kroner etter når i vakttida det er. *Statleg tilskott* Staten ved Landbruksdirektoratet overfører øyremerkte midlar til kommunane til veterinærvakt.

Vakt- område	Kommune navn	Vakttilskott kr.	Sesong- tillegg kr.	Adm.- tilskott kr.	Totalt	Adm.- kommune
Karmsund	Sveio	626.456	46.669	33.869	706.994	Sveio

Den ordinære veterinærvakta som omfattar både store og små dyr må på grunnlaget av finansieringa kunna kallast ei offentlig vakt, eller kommunal veterinærvakt sidan det er kommunane som er ansvarlege. Ei eiga stasjonær smådyrvakt på klinikkane vil vera ei privat ordning i tillegg til den kommunale.

Vurdering:

Karmsund veterinærvaktdistrikt er utvilsamt i ein alvorleg situasjon når distriktet ikkje har tilbod om vakt som stettar krava. Samstundes er det positivt at det er god tilgang på veterinærar i distriktet vårt og vilje til å stilla på vakt om berre visse vilkår er til stades. Uroa i vakta dei siste åra, og at vaktveterinærane må hyra smådyrklinnkar som bakvakt, viser reelle utfordringar med krevjande vakter. Skal veterinærvakta få varig betring, meiner rådmannen at me

ikkje kjem utanom ei eiga smådyrvakt (òg kalla stasjonær vakt). Rådmannen meiner at ei smådyrvakt bør kunna vera for eit stort distrikt – det meste av Haugalandet og Sunnhordland. Pågang av smådyr frå eit stort oppland bør visa at behovet er der. Samarbeid i eit større område er den beste og mest solidariske løysinga. Rådmannen tenkjer då på vaktdistrikta Karmsund (Haugesund, Karmøy, Utsira, Sveio), Stord (Stord, Bømlo, Fitjar, Austevoll), Tysvær (Tysvær, Bokn), Vindafjord og Etne. I dette området bur det innpå 150 000 menneske. Eit vakttilskot på 700 000 kroner til eiga smådyrvakt vil utgjera om lag 4,7 kroner per innbyggjar.

Smådyrklinnkane har i møte 29. november 2017 forfakta at dei vil ta på seg vaktoppdraget med tilskot frå kommunane om lag som den statlege overføringa til ambulerande vakt. Klinikkane har vidare gjort klart at dei kan organisera vakta sjølve. Dette inneber mellom anna å ha eitt telefonnummer til vakta, setja opp vaktplanar, syta for at det alltid er vakt utanom vanleg opningstid, fordela vakttilskotet og kunngjera vakta i sine informasjonskanalar. I tillegg må naturlegvis kommunane informera om veterinærvakt for både ambulerande og stasjonær vakt på sine nettstader.

Det vil vera interessant å vita kva kommune smådyra til vakta kjem frå. Slik oversikt bør vera ein del av journalføringa. Smådyrklinnkane må avtala innbyrdes kor mange klinikkar som skal vera med i vakta. Det er naturleg at alle klinikkane som ynskjer, får vera med i dei kommunane som yter tilskot. Vakta må vera operativ når klinikkane er stengde. Mange klinikkar har ope til klokka 18.00 og såleis to timar inn i vakttida for den ambulerande vakta. Rådmannen meiner klinikkane må kunna stå fritt i når vakta er operativ berre den er tilgjengeleg når klinikkane er stengde. Det må lagast eigen avtale mellom deltakande dyreklinikkar og kommunane om stasjonær veterinærvakt.

Økonomi

700 000 kroner i tilskot til eiga smådyrvakt (stasjonær vakt) er om lag same summen som staten overfører til Karmsund for ambulerande vakt. Rådmannen vil tru at pågangen til smådyrvakta vil samsvara mykje med folketalet i kommunane og at kostnadsfordeling etter folketal vil vera mest naturleg. Flest mogleg kommunar med innbyggjarar som brukar vakta bør ta del i kostnaden, men dette er enno ikkje avklara med alle kommunane på Haugalandet og i Sunnhordland. Om andre vaktdistrikt/kommunar ynskjer å delta, bør dei kunna få det ved å ta del i finansieringa etter folketal. Utviding med fleire klinikkar skal skje i samråd med klinikkane som deltek i vaktordninga.

Om me i første omgang reknar med kommunane i vaktdistrikta Karmsund og Tysvær, vil kostnadsfordelinga etter folketal vera som i tabellen under.

Kommune	Haugesund	Karmøy	Utsira	Sveio	Tysvær	Bokn	SUM
---------	-----------	--------	--------	-------	--------	------	-----

Folketal andre kvartal 2017	37300	42300	200	5700	11100	900	97500
Bidrag etter folketal	267800	303700	1400	40900	79700	6500	700000

Bidrag frå kommunane etter folketal med 5 000 kroner i botn vert då slik:

Kommune	Haugesund	Karmøy	Utsira	Sveio	Tysvær	Bokn	SUM
Folketal andre kvartal 2017	37300	42300	200	5700	11100	900	97500
Bidrag etter folketal +5000	261400	295800	6300	44300	81200	11000	700000

Det vil verta naturleg å evaluera ordninga med jamne mellomrom.

Rådmannen sin konklusjon:

Bokn kommune støttar ei ordning saman med dei andre kommunane i Karmsund distrikt (Karmøy, Utsira, Haugesund og Sveio kommunar) og Tysvær vakttdistrikt (Tysvær og Bokn) med samla tilskott på 700.000 kroner fordelt på folketal med 5000 kroner i bon til stasjonær legevakt.

For Bokn vil dette innebære eit bidrag på (i 2018) 11.000 kroner som belastas slik:

3. Auka kostnader i 2018 dekkes ved å overføre kr. 11.000,- frå avsett til tilleggsløyving til tjenesteområde næring.

4. Auka kostnader innarbeidas i budsjettet for 2019.

Den stasjonære veterinærvakta skal syta for tilgang på dyrehelseteneste til smådyr utanom klinikkane sine opningstider på slike vilkår som er nemnde i utgreiinga.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.04.2018	020/18
Kommunestyret	24.04.2018	016/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 255	Arkivsaknr 18/181
----------------------------	----------------	-------------------

Godkjenning av avtale om utbygging og godkjenning av anleggsbidrag i samband med utbygging av bustadområdet Vågaheia

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre godkjenner vedlagte Avtale om utbygging og Avtale om anleggsbidrag mellom Bokn kommune og Vågatoppen AS, selskap under stiftelse.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

Kva saka gjeld:

Saka gjeld bruk av avtale om utbygging ved privat utbygging av bustadområde. Dette blir sett i samband med bruk av avtale om anleggsbidrag for å få tilbakebetalt meirverdiavgift på investeringar i tekniske anlegg som kommunen skal overta etter utbygginga.

Bakgrunn for saka:

Det har dei siste åra vore ein sterk vekst i kostnadane til å bygga bustadar. Det er fleire grunnar til dette, mellom anna krav som fører til auka kostnader for opparbeiding av tomter.

I regulert område er det krav om at det før utbygging skal vera opparbeidd veg og hovudleidning for vassforsyning og avløp. Slike anlegg som er lagt av grunneigar/utbyggjar blir overført til kommunen utan vederlag når utbygginga er ferdig.

Utbyggjar som (i motsetning til kommunen) ikkje har frådragsrett for meirverdiavgift, kan spare betydelege utgifter ved at kommunen står som byggherre for den infrastrukturen som utbyggjar er pålagt å utføra og kosta. Dette gjeld både veg, vassforsyning og avløp.

Saksutgreiing:

Bokn kommunestyre har tidlegare gjort vedtak om at det kan nyttast utbyggingsavtalar ved

tilrettelegging av bustadområde; jf. K.sak 16/14 der det vart gjort fylgjande vedtak:

1. Bokn kommune kan nytta utbyggingsavtalar, j.fr. pbl. Kap 17, om utbygging av områder, som har sitt grunnlag i kommunens planmyndighet og som gjelder gjennomføring av kommunal plan.
2. Utbyggingsavtalar kan brukast i heile Bokn kommune
3. Ved forhandling om utbyggingsavtaler vil kommunen ha som siktemål at tomtekjøparar ikkje skal påleggast ekstrakostnader ut over det som er nødvendig for å oppnå ein nøktern og god standard.
4. Kommunen vil vurdere kostnadsreducerande tiltak og verkemiddel frå sak til sak.
5. Den enkelte utbyggingsavtale mellom utbyggar og Bokn kommune skal godkjennast av Formannskapet.

Intensjonen med utbyggingsavtalar og anleggsbidragsavtalar er at det vil kunne gi tomtekjøparar rimelegare tomter enn det ein elles vil kunna få til. Alle kostnader ved utbygging av eit bustadfelt blir belasta tomtekjøparane – også kostnadene ved opparbeiding av rekkefølgekrav som er vedtatt i reguleringsplanen. Meirverdiavgift på investeringar som veg og hovudleidning for vassforsyning og avløp utgjer store beløp som gjennom avtalane om utbygging og anleggsbidrag vil kunne nyttast til finansiering av kostnader med rekkefølgekrava. Dette vil gi rimelegare kostnader for den enkelte tomtekjøparar.

I denne saka er det ikkje fremma forslag om å inngå ein utbyggingsavtale etter pbl. Kap 17, men det er fremma forslag om å inngå ein avtale om utbygging og ein avtale om anleggsbidrag mellom kommunen og ein privat utbyggar. Avtalen om utbygging har same føremål som utbyggingsavtalen – dvs. at tomtekjøparane skal få rimelege tomter der ein ikkje skal påleggast ekstrakostnader ut over det som er nødvendig for å oppnå ein nøktern og god standard.

Ved ein slik avtale om utbygging er det kommunen som er byggherre, og utbygginga skjer på vanlege kommunale vilkår med offentlege anbod m.m. Men utbyggar har det økonomiske ansvaret og risikoen og vidare alt det praktiske arbeidet med oppfølging av utbygginga.

Bruk av avtale om utbygging og avtale om anleggsbidrag er ein frivillig sak, og det er opp til utbyggar om ein vil nytta seg av ein slik moglegheit.

Til dekning av kommunen sine kostnader ved å administrera ordninga er det i avtalen satt eit påslag på 2,5%.

Forslag til avtale om utbygging og anleggsbidrag bygger på tilsvarande avtalar i Etne kommune.

Vurdering:

Utbygging av eit tomteområde for bustadhus er svært ressurskrevjande – både når det gjeld økonomi, planarbeid og kompetanse. Frå andre kommunar ser vi at ein større og større del av detaljplanlegging og utbygging skjer i regi av private aktørar – og då helst større aktørar. For Bokn kommune sin del trur ein det vil vera vanskeleg å gå i gang med planlegging/utbygging av reine kommunale tomteområde for bustadbygging i framtida.

Det vil vera viktig for kommunen å ha strategiar for sine ulike roller; som planstyresmakt, som vertskommune for nye innbyggjarar, som samarbeidspartnar for utbyggjarar og som viktigaste representant for fellesskapen. For alle desse rollane er det viktig at kommunen er føreseieleg i

spørsmål om utbygging, og at kommunen blir oppfatta å behandla alle aktørane likt.

Avtalar om utbygging og anleggsbidrag er eit verkemiddel for å oppnå nett dette. Sjølv om Bokn kommune ikkje hatt slike avtalar tidlegare, har dette vore mykje brukt i andre deler av landet. Dei framlagde forslaga til avtalar om utbygging og anleggsbidrag bygger på avtalar gjort i Etne kommune.

Kvar einskild avtale må behandlast for seg, og kommunestyret vil til ei kvar tid ha full kontroll med utvikling av lokal praksis.

Avtale om anleggsbidrag har vist seg å vera eit tenleg grunnlag for organisera arbeidet slik at ein sparar meirverdiavgift på teknisk infrastruktur. Her må føremålet og intensjonen vera at kommunen skal ha dekkja sine kostnader ved gjennomføringa av arbeidet og at resten av innsparinga skal brukast til å redusera kostandane for den einskilde husbygger.

Rådmannen vil rå til at Bokn kommunestyret godkjenner vedlagde forslag til Avtale om utbygging og avtale om anleggsbidrag mellom Bokn kommune og Vågatoppen AS, selskap under stiftelse.

Vedlegg:

1. Avtale om utbygging mellom Bokn kommune og Vågatoppen AS, selskap under stiftelse.
2. Avtale om anleggsbidrag mellom Bokn kommune og Vågatoppen AS, selskap under stiftelse.

AVTALE OM UTBYGGING

Mellom

Bokn kommune, org.nr. 964 979 723

(heretter kalla **Kommunen**)

og

Vågatoppen AS,

selskap under stifting, org. Nr.

(heretter kalla **Utbyggjar**)

(i fellesskap kalla **Partane**)

1. BAKGRUNN – GJENNOMFØRING AV DETALJREGULERING

1.1 Heimel

Denne avtalen (heretter kalla **Avtalen**) blir inngått etter forhandlingar mellom **Partane** og skal godkjennast av Bokn kommunestyre.

1.2 Reguleringsplanen

Kommunestyret vedtok Reguleringsplan for Vågaheia, del av gnr. 7, bnr. 1 m.fl., plan-ID 201407, i møte 25.april 2017. Planen er sist endra 13.6.2017 og heretter kalla **Reguleringsplanen**. Reguleringsplankart og reguleringsføresegner følgjer vedlagt (**vedlegg 1**). **Utbyggjar** har avtalar med grunneigarane i planområdet og har gjennom opsjons- og kjøpsavtalar med grunneigar rett til å bygga ut planområdet.

1.3 Føremål

Føremålet med **Avtalen** er å regulera **Partane** sine rettar og pliktar i forhold til kvarandre ved gjennomføringa av planen, slik at utbygginga

- kan starta opp så snart som mogleg
- blir mest mogleg føreseieleg
- gir grunnlag for tilbakebetaling av meirverdiavgift

1.4 Planområdet

1.4.1 Den delen av detaljreguleringa som er lagt ut til utbyggingsområde og som **Utbyggjar** er eigar av /har utbyggingsrett til, er følgjande område:

- heile planområdet i **Reguleringsplanen**, med unntak av tomt nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9 og område SV 5, f_SV6, f_SV7 og f_SV8.

1.4.2 Andre deler av detaljreguleringa som er lagt ut til utbyggingsområde og som andre er eigar av /har utbyggingsrett til, er følgjande område:

- tomt nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9
- område SV 5, f_SV6, f_SV7 og f_SV8

1.4.3 Vidare har **Utbyggjar** utbyggingsrett til grøft og vassledning/avløp i veg SV 6 og SV 7 fram til tomt nr. 1.

2 OMRÅDE SOM ER OMFATTA AV AVTALEN

Avtalen gjeld alle dei områda som **Utbyggjar** har utbyggingsrett til, j.fr. punkt 1.4.1, eller i nødvendig grad skaffar seg utbyggingsrett til, j.fr. punkt 1.4.2 og punkt 1.4.3.

Gjennom **Avtalen** forpliktar **Utbygger** seg til å forhandla om ei frivillig avtaleløsning om erverv av nødvendig grunn til/rettigheter frå andre grunneigarar og rettshavarar innanfor del(ar) av planområdet som blir berørt av **Utbygger** si utbygging, i den grad det er nødvendig for å gjennomføra utbygging i samsvar med reguleringsplanen og **Avtalen**.

Kommunen er innforstått med at **Kommunen**, etter framført ynskje frå **Utbygger**, skal fremja nødvendig oreigningssak og tiltredingssak for politisk og administrativ behandling dersom dette er nødvendig fordi berørte grunneigarar og rettshavarar innanfor planområdet ikkje vil inngå frivillig avtale som sikrar **Utbygger** tilgang til avtalar /rettar ved **Utbygger** si gjennomføring av planen.

3 GENERELLE KRAV TIL UTBYGGAR VED UTBYGGINGA

3.1 Tilrettelegging og utbygging

Utbygger skal vera tilretteleggar og utbygger i dei områda som er nemnt i punkt. 1.4, i form av erverv, oppgjerd, planlegging og opparbeiding av dei berørte eigedomane, herunder vegggrunn i planområdet.

- 3.1.1 **Utbygger** er ansvarleg for å erverva nødvendig grunn og rettar både innanfor og utanfor planområdet så langt dette er nødvendig for å gjennomføra utbygginga og gjera tomtene byggeklare. Areal som er eigd av **Kommunen** kan ikkje disponerast utan at det er gjort avtale om det.
- 3.1.2 **Utbygger** er ansvarleg for nødvendig planlegging, prosjektering og byggeleing. Tekniske planar og entreprenør skal vera godkjende av **Kommunen** i samsvar med reglane i plan- og bygningslova før oppstart av bygge- og anleggsarbeid.
- 3.1.3 Alle tekniske anlegg skal opparbeidast med grunnlag i tekniske planar godkjent av **kommunen**. Anleggsarbeid kan ikkje setjast i gong før det ligg føre skriftleg godkjenning av dei tekniske planane.
- 3.1.4 **Utbygger** dekkar kostnadane ved utbygging innanfor planområdet:
 - a) Alle offentlege vegar med fortau og parkeringsplassar som vist og merka i reguleringsplanen. Normalprofil for vegar og fortau med eigedomsgrense skal gå fram av teknisk plan.
 - b) Trafikkskilt og skiltfundament for offentlege opplysningar
 - c) Alle offentlege og felles leikeplassar med minimumsutstyr, planting og gjerder.
 - d) Alle nødvendige og offentlege vass-, overvass- og kloakkleidningar etter separat system, med stikkleidningar inn på kvar einskild tomt i samsvar med godkjent teknisk plan.
 - e) Kablar for framtidig telematikknett.
 - f) Gatebelysning i kommunale og private vegar i samsvar med eigen plan utarbeidd av Haugaland Kraft og godkjent av **kommunen**. Godkjent plan skal vera vedlagt.
- 3.1.5 Byggearbeid på den einskilde tomte skal normalt ikkje setjast i gong før arbeida i avtalen punkt 3.1.3 er utført og godkjent av **kommunen**. Dersom slikt løyve likevel blir gitt, skal det stillast bankgaranti for sikring for at anlegga blir fullførte.
- 3.1.6 **Utbygger** er ansvarleg for marknadsføring, frådelling, oppmåling og sal av tomtene og pliktar å inngå skriftleg avtale med tomtekjøparar med omsyn til byggeplikt.
- 3.1.7 **Utbygger** skal sikra **kommunen** nødvendige rettar til ettersyn og vedlikehald på tekniske anlegg som går over eigedom som **kommunen** ikkje skal overta. **Utbygger** er ansvarleg for at slik rett blir tinglyst som hefte på eigedomen.
- 3.1.8 **Utbygger** har ansvar for at dei areala som **kommunen** skal eige i medhald av overtakingskartet, er føydd saman til eitt bruksnummer før overtakinga og overført fritt for økonomiske hefte.
- 3.1.9 Når dei anlegga som **kommunen** skal bli eigar av og foreta framtidig vedlikehald av er ferdig opparbeidde og nødvendig dokumentasjon/innmåling er levert, har **utbygger** ansvar for å kalla inn til ferdigsynfaring. **Utbygger** er plikta til å foreta utbetring av eventuelle feil og manglar utan unødig opphald etter synfaringa.

3.2 Tilrettelegging og utbygging utanfor planområdet

3.2.1 Utbygger har ansvar for at nødvendige rettar til eksisterande avløpsanlegg utanfor planområdet blir overførte til kommunen.

3.3 Samsvar med kommunale og andre krav

All planlegging og prosjektering skal skje i nært samarbeid med **Kommunen**, i samsvar med **Kommunen** sine reglar for feltutbygging og med ivaretaking av alle offentlege krav. Utbygging av dei respektive felta som er til rådvelde for **Utbygger**, skal skje i samsvar med vedtatt reguleringsplan og **Avtalen**, med dei presiseringar og den utbyggingstakt og framdrift som er føresett, j.fr. punkt 4.

3.4 Valfridom

Jamvel om intensjonen med denne avtalen er at felta nemnt i punkt. 1.4 skal byggast ut, fører ikkje avtalen med seg ei absolutt forplikting for **Utbygger** til å bygga ut, verken i tid eller omfang. I kva grad og til kva for tidspunkt utbygginga skal skje, står **Utbygger** fritt til å bestemma ut frå kva det er forsvarleg økonomisk grunnlag for og **Utbygger** si verksemd elles.

4 KRAV TIL KOMMUNEN VED UTBYGGINGA

4.1 Overtaking

Kommunen skal overta anlegg til vedlikehald utan unødig opphald etter at overtakingsforretninga er avvikla og eventuelle vilkår er oppfylte. Dette gjeld ikkje vegane SV5, f_SV6, f_SV7 og f_SV8.

5 UTBYGGING – UTBYGGINGSTAKT

5.1 Utbyggingsrekkefølge

Utbygger avgjer sjølv utbyggingsrekkefølge.

6 GJENNOMFØRING AV REKKEFØLGJEKRAV I REGULERINGSPLANEN

6.1 Rekkefølgekrav som skal gjennomførast av Utbygger

Før anleggsstart skal teknisk plan med vegtilkomst, vatn og avlaup vera godkjent av **kommunen**. Følgjande anlegg skal, i samsvar med § 8 i reguleringsføresegnene, vera opparbeidd og ferdigstilt eller sikra:

- 6.1.1 Fortau, o_SF1 og o_SF4 skal vera opparbeidd før leikeplass og busstopp kan takast i bruk. Det same gjeld etter denne avtale o_SF3.
- 6.1.2 Leikeplass o_BLK1 skal vera opparbeidd og ferdigstilt før bruksløyve innanfor BFS1 og BFS2 blir gjeven. Leikeplass o_BLK2 skal vera opparbeidd og ferdigstilt før bruksløyve innanfor BFS3 – BFS7 blir gjeven.
- 6.1.3 Eksisterande elektriske anlegg i området skal nyttast. Vass- og avlaupsanlegg skal koplast til kommunalt anlegg. Tekniske anlegg skal godkjennast av **kommunen**, j.fr. PBL §11-9, før utbygging kan skje.
- 6.1.4 Det er krav til teknisk plan for utforming av kryss mot fv. 897. Teknisk plan skal vera i samsvar med vegvesenet si handbok 139, og skal godkjennast av Statens vegvesen.
- 6.1.5 Ved byggesøknad skal det utarbeidast detaljert plan som syner bygningskropp, evt. nabobygningar, fasadeliv, parkering, uteopphaldsareal og plass for renovasjon

- 6.1.6 Før det blir gitt rammeløyve for nybygg, skal det liggja føre godkjent plan for deponering av overskotsmasse frå byggeområda. Det skal også liggja føre godkjenning av deponering a etter anna lovverk.

7 REFUSJON ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, KAPITTEL 18

Denne avtalen avgrensar på ingen måte **Utbygger** sin rett til å krevja refusjon etter plan- og bygningslova, kapittel 18.

8 PRIVATE VEGAR

Med mindre det seinare blir gjort vedtak om noko anna, skal privat veg fram til aktuell byggetomt vera ferdig opparbeidd før det blir gitt løyve om i igangsetting. Felles vegar vil ikkje bli overtatt av **kommunen** til drift og vedlikehald.

Følgjande vegar blir private:

- SV5, f_SV6, f_SV7 og f_SV8

9 OPPRETTING AV VEGLAG FOR DRIFT OG VEDLIKEHALD AV FELLES VEGAR.

Utbygger skal syte for oppretting av veglag med nødvendige føresegner og reglar for drift og vedlikehald av dei private vegane. **Utbygger** skal i den samanhengen også søke å oppnå avtale med grunneigarane på dei andre delane av planområdet, med omsyn til framtidig bruk av dei aktuelle vegane, og deltaking i veglag. Mangel på slik avtale vil likevel ikkje vera til hinder for utbygging av dei områda **Utbygger** har til rådvelde.

10 OPPRETTING AV VELFOREINING – DRIFT OG VEDLIKEHALD AV FELLESOMRÅDE

Utbygger er ansvarleg for å oppretta velforeining dersom dette ikkje alt finnes i området. Velforeininga skal drifta og halda ved like friområde i området. **Utbygger** er ansvarleg for drift og vedlikehald til ansvaret blir overført til velforeininga.

11 AVTALEN SIN VARIGHEIT

Avtalen gjeld ei kvar framtidig utbygging av dei områda som **Utbygger** har utbyggingsrett til, j.fr. pkt 1.4. fram til at **Partane** sine pliktar etter **Avtalen** er oppfylte. **Avtalen** fell bort likevel den 1. juni 2028 for dei eigedomane det på dette tidspunktet ikkje er gitt igangsettingsløyve for. Ved delvis bortfall av **Avtalen**, har kvar av **Partane** rett til å krevje forhandlingar om ny utbyggingsavtale for dei delane av eigedomane som det ikkje er gitt igangsettingsløyve for. Forhandlingane skal basera seg på dei lovreglane og dei prisnipa som gjeld for utbyggingsavtalar på det tidspunktet forhandlingane startar.

12 ENDRA FØRESETNADAR

Dersom reguleringsplanen skulle bli endra på ein slik måte at det har vesentleg innverknad på avtalen sine økonomiske føresetnadar, vil kvar av **Partane** ha rett til å reforhandla **Avtalen**. Ein vesentleg reduksjon eller auke av utbyggingsvolum eller vesentlege endringar i rekkefølgekrava med omsyn til art og omfang vil etter omstenda kunna vera endringar av vesentleg innverknad på avtalen sine økonomiske føresetnadar.

13 MISLEGHALD

13.1 Reklamasjon

Dersom ein part mislegheld sine pliktar etter **Avtalen**, kan den andre parten krevje erstatning for direkte økonomisk tap som parten blir påført gjennom misleghaldet. Partane har plikt til å avgrensa eventuelle tap. Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast.

14 VEDTAK AV KOMPETENT ORGAN

Avtalen er ikkje bindande for **kommunen** før han er godkjent av kommunestyret og Avtalen er underskriven av **Utbyggjar**.

15 TVISTELØYSING

Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje har latt seg løyse ved forhandlingar, skal kunna bringast inn for dei ordinære domstolane. Eigedommen sitt verneting, Haugaland Tingrett, er avtalt som verneting.

16 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTAR ETTER UTBYGGINGSAVTALEN

Utbyggjar kan overdra sine rettar og pliktar etter utbyggingsavtalen under føresetnad av at overtakande part aksepterer utbyggingsavtalen som grunnlag for attståande utvikling av området.

17 REFORHANDLING AV AVTALEN

Kvar av partane har høve til å ta op spørsmål om reforhandling av avtalen. Eventuell reforhandling av **Avtalen** skal basera seg på dei reglane som gjeld til ei kvar tid.

Bokn,/.....

.....

Bokn kommune

.....

Vågatoppen A/S

Anleggsbidragsavtale
(heretter kalla **Avtalen**)
mellom
Bokn kommune, org.nr. 964 979 723
(heretter kalla **Kommunen**)
og
Vågatoppen AS, selskap under stifting, org.nr. ...
(heretter kalla **Utbyggar**)
(i fellesskap kalla **Partane**)

1. BAKGRUNN

Utbyggar skal bygga ut deler av planområdet i samsvar med Reguleringsplan for Vågaheia, del av gnr. 7, bnr. 1 m.fl., vedtatt i kommunestyret 25.april 2017, sist endra 13.6.2017. Det er inngått avtale om utbygging mellom **Partane** dagsett ... (vedlegg 2) (heretter kalla **Avtale om utbygging**). Den delen av planområdet som **Utbyggar** skal bygga ut er skildra i punkt 1.4 i **Avtale om utbygging**. **Partane** har avtalt at **Kommunen** skal stå for utbygging som byggherre av infrastruktur som nemnd i **Avtalen om utbygging** punkt 1.4 mot refusjon av utgiftene utan meirverdiavgift frå **Utbyggar**. Denne avtalen regulerer **kommunen** si utbygging av desse anlegga, som er nærare skildra i **Avtalens** punkt 2 og **utbyggar** si plikt til å betala refusjon av netto anleggskostnader. **Avtalen** supplerer **Avtalen om utbygging**. Ved eventuell motstrid, skal **Avtalen** gå foran. Infrastruktur som skildra nedanfor i **Avtalen** sitt punkt 2 skal i sin heilskap eigast og driftast av **Kommunen** (heretter kalla **Anlegga**). På denne bakgrunnen er **Partane** samde om at **Kommunen** skal stå for utbygging av anlegga som byggherre mot refusjon av kostnader frå **Utbyggar**.

2. ANLEGGA

Dei anlegga som **Kommunen** i medhald av **Avtale om utbygging** har ansvar for å bygga ut er følgjande anlegg:

- Offentlege vegar med fortau, parkeringsplass og veglys, annan veggrunn i samsvar med pkt. 1.4 i **Avtalen om utbygging**,
- Hovudleidningar for overvatn, vatn og avløp
- Leikeplassar

3. KONTRAKT MED ENTREPRENØR/LEVERANDØR

Kommunen skal inngå kontrakt direkte med entreprenør/leverandør til å førestå utbygging av **Anlegga** som skildra i punkt 2. **Kommunen** vil stå som byggherre for utbygginga og utøver dei rettar og plikter som ligg til bygherrerollen.

Utbyggar skal på vegne av **Kommunen** gjennomføra nødvendige konkurransar etter regelverket om *Offentlege anskaffelser* for kontrahering med entreprenør og leverandør. Elles skal **Utbyggar** ivareta dei pliktene som følgjer av punkt 4 i **Avtalen** på vegne av **Kommunen**.

4. UTBYGGAR SINE PLIKTER I SAMBAND MED UTBYGGINGA

Utbyggar skal stå for prosjektering av **Anlegga** og ivareta følgjande plikter på vegne av **Kommunen**:

4.1 Grunneigaravtaler – tilgang til grunn for opparbeiding og vedlikehald av Anlegga

- 1) Forhandla om frivillige avtaler om erverv av grunn til **Anlegga**. Areala skal vederlagsfritt skøytast over til **Kommunen** eller den **Kommunen** peiker ut. Ved samtykke frå **Kommunen** kan det alternativt forhandlast om frivillig avtale om rett til å opparbeida, ha liggande og vedlikehalda **Anlegga** på annan manns grunn. Avtalene skal tinglysast på den tenande eigedomen.
- 2) Dersom berørte grunneigarar og rettshavarar ikkje vil inngå frivillig avtale med **Utbyggar** som sikrar tilgang til dei areala som **Anlegga** skal etablerast på, skal **Kommunen** etter oppmoding frå **Utbyggar** fremma nødvendig ekspropriasjonssak og tiltredingssak for politisk og administrativ behandling.
- 3) Vederlagsfritt å gi frå seg eigen grunn til opparbeiding av **Anlegga**.

4.2 Planleggings-, prosjektering- og utføringsfasen

- 1) Syta for å ferdiggjera nødvendig prosjektering.
- 2) Føreslå prosjektorganisering og entreprisebehandling, herunder legga fram forslag til aktuelle kontraktar for prosjekterande, entreprenørar og leverandørar.
- 3) Utarbeida tilbuds-/anbudsgrunnlag i samsvar med regelverket for *Offentlige Anskaffelser og Kommunen* sin prosedyre for anskaffing for aktuelle kontraktar i samsvar med den avtalte prosjektorganiseringa. Dokumentasjon på anbudsprosedyre skal sendast til **Kommunen**. **Kommunen** skal godkjenna konkurransegrunnlag samt evaluering og val av leverandør i alle anbuds konkurransar.
- 4) Syta for at byggherren sine plikter etter byggherreforskrifta blir ivaretatt og nedfelt i skriftlege avtalar om med nødvendige fullmakter.
- 5) Legga fram anbuds-/tilbodssamanstillingar for **Kommunen** som byggherre med forslag til kontrakt.
- 6) Ivareta all nødvendig kontakt med offentlege styresmakter, herunder å utarbeida alle nødvendige søknadar.
- 7) Utarbeida framdriftsplanar og styra den framdriftsmessige koordineringa av entreprenørar og leverandørar.
- 8) Kalla saman og leia prosjekterings- og byggherremøte på vegne av **Kommunen** som byggherre.
- 9) Kontrollera utføringa av arbeidet med omsyn til avtala kvalitetar og spesifikasjonar.
- 10) Varsla **Kommunen** om eventuelle avvik.
- 11) Bistå **Kommunen** i samband med oppgjerd for alt arbeid, herunder sluttoppgjerd i forhold til entreprenør.
- 12) Bistå **Kommunen** ved ferdigsynfaring og overtakingsforretning.
- 13) Bistå **Kommunen** med leverandørar samt oppfølging av reklamasjonar.
- 14) Syte for administrativ oppfølging av alle aktørar under gjennomføringa av entreprisa, herunder å syta for faktureringsrutinar som gjer at faktura blir attestert før dei blir sendte til **Kommunen** som byggherre.

5. KOMMUNEN SINE PLIKTAR I SAMBAND MED UTBYGGINGA

Kommunen pliktar å gi **Utbygger** all informasjon som er nødvendig for å gjennomføra **Utbygger** sine pliktar etter punkt 4 i **Avtalen**.

6. DOKUMENTASJON OG OVERTAKING.

I tillegg til den kontrollen som ligg til **Utbygger** kan **Kommunen** til ei kvar tid utføra slik kontroll som **Kommunen** finn nødvendig. Byggherrekontroll skal gjennomførast strengt avgrensa frå kommunen sin forvaltningskontroll av utbygginga. Til slik kontroll kan **Kommunen** krevje at **Utbygger** legg fram slik dokumentasjon som **Kommunen** ber om.

Når bygginga av **Anlegga** er avslutta, skal **Kommunen** gjennomføra ferdigsynfaring av **Anlegga** samen med **Utbygger** og entreprenør. Eventuelle avvik skal rettast innan rimeleg tid eller etter fristar som blir avtala ved ferdigsynfaringa.

Kommunen overtar formelt anlegget ved overtakingsforretning. Overtakingsforretning skal gjennomførast utan unødige opphald etter ferdigsynfaringa. Alle offentlege anlegg som nemnd i punkt 2 blir vedlikehalde av Bogn kommune frå det tidspunktet anlegget er ferdig utført og overlevert til **kommunen**.

7. ANLEGGSBIDRAG, TILKNYTINGSAVGIFT OG FAKTURERINGSRUTINAR.

Entreprenør og/eller leverandør som leverer varer og tenester til **Anlegga** skal fakturera **Kommunen** med 45 dagars betalingsfrist etter at varer er mottatt og godkjent, og arbeid er utført og godkjent av **Utbygger**. Fakturaen må sendast via **Utbygger** for kontroll. Faktura skal merkast med kommunen sitt prosjektnummer. Leverandørar skal kunna senda faktura, purring og kreditnota elektronisk i standard format i samsvar med krav sett av Direktoratet for forvaltning og IKT.

Kommunen skal betala faktura til entreprenørane inkludert mva. etter kvart som **Anlegga** blir bygde ut. Desse fakturaene skal først kontrollerast /attesterast av **Utbygger**.

Kommunen sender krav om anleggsbidrag til **Utbygger** på same summen som til ei kvar tid mottatt faktura fråtrekken mva. med påslag av 2,5 % som skal dekke **Kommunen** sine kostnader ved å administrera ordninga.

Faktura må differensierast mellom utgifter til:

- 1) Vatn
- 2) Avløp
- 3) Vei
- 4) Anna (leikeplassar)

Anleggsbidrag skal innbetalast til **Kommunen** seinast 15 dagar før faktura til entreprenørane blir utbetalt frå **Kommunen**.

Faktura som ikkje tilfredsstiller krava i dette punktet blir avvist av kommunen. Utbygger hefter for eventuelle utgifter på grunn av for forseinka handsaming av faktura, som forseinkingsrenter og tap av momskompensasjon.

Kommunen pliktar å føra prosjektrekneskap.

Kommunen søker momsrefusjon frå staten. I tilfelle refusjon ikkje blir godkjent står utbygger ansvarleg gfor å dekke avgifta. Kostnader ved forskottering blir dekt inn via administrasjonspåslaget.

8. HEVING OG MISLEGHOLD.

Begge **Partar** har rett til å heva **Avtalen** dersom det ligg føre vesentleg misleghald og den andre parten skriftleg har fått ein rimeleg frist til å retta på forholdet.

Ved vesentleg misleghald frå **Utbygger** si side skal **Kommunen** ha dekke alle kostnadane som **Kommunen** er påført i prosjektet, medrekna kostnader med å avslutta signerte kontraktar, slik at **Kommunen** ikkje får andre kostnader med prosjektet ut over administrative.

Ved vesentleg misleghald frå **Kommunen** si side har **Utbygger** rett til å fullføra anlegget, og har i den forbindelse rett til å tre inn i **Kommunen** sine avtalar med prosjekterande, entreprenør og eventuelle leverandørar.

Utbygger hefter for alle eventuelle feil (t.d. manglande kontraktsforhold el.l.) som medfører at **Kommunen** ikkje får pårekna momskompensasjon.

9. TRANSPORT AV AVTALEN.

Ingen av **Partane** kan overdra sine rettar og plikter etter **Avtalen** utan den annan part sitt skriftlege samtykke.

10. TVISTAR

Eventuelle tvistar etter **Avtalen** skal søkast løyst ved forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører fram kan tvist anleggjast ved dei ordinære domstolane for eigedommen sitt verneting.

Bokn,

.....
Bokn kommune

.....
Vågatoppen AS